

NVE - Konesjonsavdelinga
Postboks 5091 Majorstua
0301 Oslo



Dykkar ref.:
NVE201300411

Sakshandsamar:
Erlend Støle Hansen

Vår ref.:
1308150

Vår dato:
26.05.2016

Konesjonssøknad for Ommedal kraftverk i Gloppen kommune

Kommentarar frå utbyggjar SFE Produksjon AS til høyringsfråsegner

1 Innleiing

Høyringsperioden for konesjonssøknaden for Ommedal er no avslutta. Innspela frå høyringspartane har gjeve informasjon som kan gjere prosjektet betre, spesielt i høve til miljø. SFE Produksjon AS (SFE) har valt å kommentere innkomne fråsegner temavis.

Etter høyringsrunden ynskjer vi å gjere følgande endring i prosjektet:

- Minstevassføringslepp frå både Tverrelva og Vesleelva som til saman utgjer 5-persentil for Ommedalstverrelva.

Det er også oppdaga ein mindre feil som vi ynskjer å rette opp:

- Det er påpeikt at valt minstevassføring på side 39 er omtala som 4-persentilen. Dette skal vere 5-percentilen. Storleik på minstevassføringa omtala i tabellen har riktige verdiar.

SFE Produksjon og grunneigarar har i etterkant av innkomne høyringsfråsegn hatt eit møte der vi såg på prosjektet slik det ser ut i dag med plassering av inntak og kraftstasjon og kulturminneverdiar. SFE Produksjon informerte om sitt behov for eventuelt kjøp av grunn. Vi diskuterte også plassering av tunellmasse og bruk av støylsvegen opp til inntaksområdet. Det vart ikkje konkludert med noko på møtet, men for SFE Produksjon er dialogen viktig og naudsynt for å få til vellukka gjennomføring av denne typen prosjekt.

Sogn og Fjordane Energi AS

Bukta, 6823 Sandane
Telefon: 57 88 47 00
Telefaks: 57 88 47 01
Kundesenter: 57 88 47 47
E-post: post@sfe.no

Heimeside: www.sfe.no
Org. nr.: 984 882 092
Bankkonto: 5083 05 50507

SFE Nett AS
Org. nr.: 984 882 114
Bankkonto 5083 05 50914
Besøksadr. Hamregata 1,
Florø

SFE Produksjon AS
Org. nr.: 984 882 106
Bankkonto 5083 05 50892

SFE Kraft AS
Org. nr.: 984 882 076
Bankkonto 5083 05 50531

Svelgen Kraft AS
Telefon: 57 79 61 00
Org. nr.: 986 530 649
Bankkonto: 1503.14.15109
Besøksadr.: Svelgen

2 Generell kritikk mot konsekvensutgreiingane

Fleire av høyringspartane har kome med kritikk til fagutgreiingane som omhandlar naturmiljø. Høyringspartane meiner at omfanget av feltarbeidet for utgreiingstema naturmiljø er for lite og at dette gjer at verdiar og konsekvensar er vurdert på for dårleg grunnlag. Konsulenten sin kompetanse på verdiane som vert undersøkt er det også stilt spørsmålsteikn ved. Høyringspartar nemner at utgreier har for liten artskunnskap om mosar og lav til å finne viktige levestader.

SFE Produksjon meiner at konsulenten har naudsynt kompetanse for å kunne gjennomføre denne typen kartlegging.

3 Tema kommentert i fråsegna

3.1 Friluftsliv og landskap

Friluftslivbrukarar og grunneigarar i og ved prosjektområdet verdsett fossen som landskapselement.

SFE Produksjon meiner at det i konsekvensutgreiinga er gjort grundig greie for verdi og konsekvens av tiltaket for tema friluftsliv og landskap.

3.2 Naturverdiar

Det er påpeikt i høyringsfråsegnene at påverknad på fossefall kan kompenseras ved å byggje hekkekassar. I dei same fråsegnene blir omlaufsventil, fokus på gassmetning i vatnet og fysiske endringar i elvesenga ved avløp, nemnt som viktig for å hindre negativ påverknad på anadrom fisk.

Det er for SFE Produksjon viktig at alle utbyggingar og inngrep i naturen gjennomførast skånsamt. I denne saka gjeld det omsyn til mellom anna fugleliv og anadrom fisk. Det vil i detaljplanlegging av prosjektet takast omsyn til best mogleg tilpassing av kraftstasjon og avløp for å hindre negativ effekt på sjøaure. Dette heng saman med grunneigarane sine planar om fysiske endringar i dei to løpa som utgjer samløpet til Ommedalselva. SFE Produksjon eller konsulent var ikkje klar over at det fortsatt skjer kultivering i kultiveringsanlegget. Dette tek vi med i dialogen med grunneigarane.

SFE Produksjon vil leggje til rette for at det vert hengt opp hekkekassar for fossefall i tiltaksområdet.

3.3 Minstevassføring og hydrologi

Fleire høyringspartar nemner at minstevassføringa som er foreslått i konsesjonssøknaden er for låg. Ein av partane kritiserer det hydrologiske berekningsgrunnlaget.

Vi kan ikkje sjå at det er noko feil med berekningsgrunnlaget i konsesjonssøknaden. SFE Produksjon ynskjer ikkje å endre minstevassføringa i prosjektet, det er vanleg å bruke 5-persentilen som grenseverdi for minstevassføring, og vi kan ikkje sjå at dette prosjektet skil seg frå andre vasskraftprosjekt i så måte. Det vert spelt inn at ein også må leggje til rette for minstevassføring frå Tverrelva. Dette er vi einige i at kan vere i god miljøtilpassing i prosjektet. Vi ynskjer då å endre prosjektet så vi kan sleppe 5-persentil vinter/sommar frå Tverrelva, 5-persentil vinter/sommar frå Vetleelva og på den måten oppnå same minstevassføring gjennom heile året i Ommedalstverrelva (90/20 l/s).

3.4 Avrenning frå massar

Ein av høyringspartane er uroa for at finstoff hamnar i Ommedalselva ved deponering av sprengstein på landbruksjord som grensar til elva.

Prosjektet skal utformast og planleggjast for å unngå denne typen konsekvens, og SFE Produksjon kan ikkje sjå at denne typen deponerte massar på eksisterande landbruksjord skal gje avrenning av finstoff ned i rennande vatn. Dette er ikkje kjent frå andre tilsvarande anlegg. Erfaringar viser at dette går bra. Strengt krav etter forureiningslova sikrar at dette er kontrollerbart.

3.5 Kulturminne

Fleire høyringspartar er opptekne av kulturminneverdiane i tiltaksområdet.

SFE Produksjon vil ta omsyn til desse verdiane i tiltaket. Etter at høyringsperioden var over har SFE Produksjon hatt eit møte med grunneigarane der vi såg på mellom anna kulturminne i prosjektområdet. Informasjonen frå grunneigarane, både i høyringsfråsegn og på synfaringa, tek vi med i vidare arbeid med prosjektet. Nokre av kulturminna ligg tett på planlagt kraftstasjon, og det er naudsynt å gjere mindre justeringar for ikkje å kome i konflikt med kulturminneverdiar. Vi vurderer det som naudsynt å involvere regional kulturminnemyndigheit i detaljprosjekteringa. Elles viser vi til det som er skrive om kulturminne i konsesjonssøknaden.

3.6 Fallrettar og eigedomstilhøve

Det vert stilt spørsmål ved om SFE Produksjon har fallrettane i Ommedalstverrelva.

Fallrettane tilhøyrande garden Ommedal, gnr 18, (bortsett frå Rønnekleivelva) vart selt gjennom kjøpekontrakt av 5. og 23. september 1958. Ordlyden i kjøpekontrakten er « hele gården Ommedals andel i Ommedalselven med bielver», og like klårt uttrykt i skyldskifte av 4. og 5. november 1960: «Dette gjeld garden Ommedal sin andel og rett i Ommedalselva (Gjengedalselva) med sideelver og tilsig frå og over garden Ommedal sin eigedom» (unnateke Rønnekleivelva) – dagbok nr 2241 1960 25/11 Nordfjord Sorenskrivarembete. Den fråskilde luten fekk namnet Ommedalselva med gnr 18, bnr 16. Skjøte er tinglyst med dagbok nr 1076, 1961, Nordfjord sorenskrivarembete. Ovanfor nemnde dokumenterer at SFE produksjon har erverva fallrettane i Ommedalstverrelva.

4 Oppsummering

SFE Produksjon meiner med bakgrunn i det ovanforståande at konsekvensutgreiinga oppfyller krava. Undersøkingane visar at dei negative konsekvensane ved tiltaket gjennomgåande er små. Nyttå av tiltaket er større enn ulempene.

Med helsing
SFE Produksjon AS

Ola Lingaas

Ola Lingaas
Produksjonsdirektør

Erik Utheim

Erik Utheim
Prosjektleiar